



Eirin og Anette er ferdige med innkrevingsrunden ved 21-tida om kvelden

Etter ein svært svak juni har besøket av gjestebåtar i hamnane våre teke seg kraftig opp no i feriemånaden juli. Det kan dei to jentene som krev inn avgift melde under kveldsrunden sin. Eirin Kjærland Rørheim og Anette Musland (begge snart 17 år) har også som jobb å vaska i huset til båtlaget. Det gjer dei om føremiddagen.

Det var like før denne helga at fleire båtar enn tidlegare i sesongen kom til båtlaget si hamn. Laurdag telte jentene inn 30 båtar medan talet søndag vart 18 og det måndag kom 21. Men rekorden denne sesongen er 33 og den vart sett tidlegare i månaden.



Eit høgdepunkt i båthamna!

Dei fleste båt-turistane som søker hamn i Uskedalen denne sesongen kjem som før frå Bergensområdet og Rogaland, men det er også utanlandske innslag. Her ligg Tyskland i teten med anslagsvis 10 båtar så langt i denne sesongen. Det har også vore båtar frå Nederland innom, ikkje minst den staselege skonnerten frå Rotterdam for nokre dagar sidan. So langt var det eit sommarleg høgdepunkt i hamna. Svenskane og danskane glimrar med sitt fråver og er berre representert med ein båt kvar på statistikken.

Eirin og Anette er to blide og hyggjelege jenter som gjer jobben sin bra. Dei er også svært godt fornøgde med den betalinga dei får.
- Vi får godt betalt, seier dei, som også er fornøgde med kundane. Det er svært få negative reaksjonar på avgifta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Ein annan nederlander undervegs gjennom Storsundet her om dagen